



Svein Håland
Mongsedalen 40
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2227 - 15/31519

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
06.10.2015

Tilbakemelding på brev om forstøtningsmur - gbnr 188/588 Gjervik ytre

Det vises til motteken førespurnad.

Etter gjennomgang av dokumenta du tidlegare har fått oversendt, kan vi ikkje sjå at muren eller verandaen er byggmeldt tidlegare.

Representant for byggesak og veg var på synfaring på staden den 05.10.2015.

Verandaen er plassert over byggegrensa mot offentleg veg og dersom ein søknad skal handsamast må det søkast om dispensasjon frå byggegrensa. Det er byggesak som fattar vedtak etter at lokal vegmynde har gitt uttale. Utvidinga av godkjent veranda er ikkje unnateke søknadsplikt, jf. sakshandsamingsforskrifta.

Muren er sett opp i grensa til regulert «TUN/LEIK», gbnr 188/531 som er eigd av Lindås tomteselskap. Muren er ikkje unnateke søknadsplikt, jf. sakshandsamingsforskrifta.

Tiltaka er søknadspliktig til byggesak.

Det er einingsleiar for eigedom som har fullmakt til å ta avgjerd i nabosaker inkludert å gi erklæring om rett til å plassere byggverk nærmare eigedomsgrensa enn 4 meter.

Dersom det skal søkjast om godkjenning av tiltaka må det gjerast fylgjande:

1. Nabovarsle tiltaka (blankett 5154)
2. Sende inn søknad til kommunen (blankett 5153) saman med:
 - a. Gjenpart av nabovarselet (blankett 5155)
 - b. Kvittering for nabovarsel (blankett 5156)
 - c. Målsett situasjonsplan der byggegrensa mot veg er vist samt fagmessige teikningar av tiltaka

Blankettane ligg på nettsida www.dibk.no



Når det gjeld kvaliteten for utførte arbeider ligg ansvaret hjå tiltakshavar/ansvarshavande.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.
Dette skrivet er sendt ut via straumpost*

Kopi til:

Kari og Arild Stangeland

Oteråsen 11

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Svein Håland

Mongsedalen 40

5918

FREKHAUG